



Årsmelding 2020.

Årsmøtet 2019 vart halde i Kyrkjestova 16.10.19. 23 medlemer møtte. Gjest var nestleiar i HBK Brita Dagestad Bjørke. Vanlege årsmøtesaker, og framlegg frå styret om refusjonsdel av medlemspengar så lenge økonomien til laget er god. Varm mat v/ Anders H.Tveite frå Tveite gard.

Styret har vore samansett slik:

Leiar:	Björg Håland
Nestleiar:	Målfrid Ure
Skrivar:	Astrid Norendal
Kasserar:	Liv Karin J.Bidne
Studieleiar:	Randi D.Jordalen

Varamedlemer: Kari Ulvund og Tone Kvingedal
Revisorar: Irene Kvarme og Anne Marit Hauge
Valnemnd: Berit L. Skjervheim og Nina Ure

Styret har hatt 6 møte. Døme på saker: *NBK sin strategi mot 2026, høyring. *Organisasjonsnummer for Strandamessa. *Planleggjing av adventsmøte for bk.laga på Vossestrand. *Medlemsmøta: Styret skal ha ansvar for tema på medlemsmøta. *Planleggjing av uteaktivitet med påfølgjande kafe og utlodding. *Samarbeid med Samhald 4H. * Utsendingar og saker til fylkesårsmøtet 2020. *Medlemstur og møte på Stalheim. * Tilskot til fane til Vossestrand b&uskule. * Huer med ZEROmerke til førsteklasingane. * Tilpassing av årsplan i høve koronasmittevern. *Fylkesårsmøte 2021. Høyringsnotat, svarfrist 31.10.20. * Avlyst Strandamessa, kompensasjon for planlagde inntekter. *Planleggjing av årsmøtet til O&H bygdekvinnelag.

I tillegg til årsmøtet 2019 har me hatt to **medlemsmøte** og ein kombinert tur/møte. På møta har me informert om og drøfta lokale og sentrale lagssaker. Me har laga plan for tysdagslunsjar på Omsorgstunet og laga plan for aktivitetsdag.

12. mars vart heile landet stengt ned. Planlagde møte og aktivitetar vart avlyste, og aktiviteten til laget lista seg avgarde digitalt.

Medlemstalet i laget er som i fjor; 35 medlemer.

Aktivitetar i laget:

Strandamessa 23.-24.11.19. Godt besøk, og kr. 26061 i inntekt til laget.

Adventsmøte i Kyrkjestova 04.12.19.

54 bygdekvinner frå Vossestrand hadde ein triveleg kveld med god betasuppe, flatbrød, smør og kakebord. Åresal, song.

Tysdagslunsjar på Omsorgstunet. To lunsjar rakk me før nedstenginga av samfunnet. 10.12.19 vart det servert kvardagsgraut med godt smør til, og 11.02.20 var menyen blomkålsuppe og heimebaka brød. Samme dag stelte bygdekvinnegjengen til kaffikos med god prat og song på «ungdomshuset».

Uteaktivitet med påfølgjande kafe 16.02.

Her møtte folk fram! Vellukka arrangement, små og store kosa seg både ute i akebakken og inne i Kyrkjestova.

Sidan kafeen ikkje tok betaling for maten, gjekk åresalet veldig bra, så me kunne senda pengar til Noregs bygdekvinnelag sitt utviklingsarbeid i Guatemala.

Årsmøte i HBK 09.05.20. Digitalt, Zoom.

Utsettingar: Bjørg H, Målfrid og Astrid N.

I forkant av distriktsårsmøtet hadde me øvingsøkt der ZOOM vart testa, me hadde og førebuingssmøte der me gjekk gjennom årsmøtesakene.

Distriktsårsmøtet 2020 vart gjennomført med stil!

Tur til Stalheim 09.09.

Omvising på museet v/ Trygve Dugstad, måltid med nydelege karbonadesmørbrød, lagssaker. 17 medlemmer sette stor pris å møtast att.

Strikkekafeer: Måndag 27.01 og måndag 28.09. Den siste berre for medlemmer .

Pynta Oppheim kyrkje til hausttakkegudsteneste 04.10.

Heimesidekurs:

Bjørg H. og Astrid N. prøver å få til heimesida til laget. Kurs i Øystese 19.10.19 og hjå Brita D.Bjørke 22.09.20

Regionsmøte for bygdekvinnelaga på Voss 02.12.19. Bjørg H og Målfrid deltok.

Streif i Solheim v/Bjørgum bkl. 29.02.20

Mange frå laget vårt tok turen til Streif i Solheim, og me fekk ein innhaldsrik og kjekk laurdag.

Gåver og helsingar.

*Blomar til nyinnflytta damer og medlemmer som har rund dag.

*Labbar, kort og brosjyra «mat for små magar» til nyfødde.

*Strikkahuer med ZEROmerke til førsteklasingane. Samarbeid med dei andre bkl. på Vossestrand.

*Saman med Vossestrand bondelag delte me ut skeier til medlemmer i Samhald 4H.

*FAU v/ Vossestrand b&uskule: kr. 3000 til fane.

Merknad frå årsmøtet: Marit Lunde Horvei er bygdekvinnelaga på Vossestrand sin representant i styret for Vossestrand bondelag. Ho sit i 1 år, fram til bondelaget sitt årsmøte i 2021.